

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Bergen
Dato: 20. og 21.02.2019
Tidspunkt: 20.02.2019 kl.09.00 – kl.16.00
21.02.2019 kl.09.00 – kl.11.50

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A, 21.02. gjekk kl. 11.30
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A, møtte 21.02.
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H, møtte 21.02.
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF, 21.02. kom kl.09.10
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV, forfall 20.02.
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Helge Nævdal	Medlem	A
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A, forfall 20.02.
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H, forfall 20.02.

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kjell Gitton Håland	Helge Nævdal	A
Sigbjørn Framnes	Terje Søviknes	FRP, 21.02. gjekk kl. 11.20
Marthe Hammer	Aud Karin Oen	SV, møtte 20.02.
Atle Kvåle	Roald Kvamme	A, 21.02. kom kl. 11.30
Gustav Bahun	Sigbjørn Framnes	Frp, 21.02. kom kl. 11.20
Øyvind Strømmen	Tom Sverre Tomren	MDG møtte 21.02.

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Direktør eigedomsavdelinga
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss

Hilde Joranger Mæland
Bertil Søfteland
Sigrid Helene Aardal
Berit Dianne Kilvær

Leiar kommunikasjonsrådgiving
Leiar fylkessekretariatet
Seniorrådgjevar
Spesialkonsulent

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 16/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 17/19	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 18/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 21/19	Verknaden av trafikkregulerande tiltak på Rv555 i Fjell kommune	2019/647	
RS 22/19	Oppfølging av ulike problemstillingar rundt målbyte i vgs.	2016/34193	
RS 23/19	Nye/reviderte retningslinjer for oppdragsverksemd	2017/16384	
RS 24/19	Verbalpunkt om oppfølging av samarbeidsprosjekt i Nordhordland	2014/10030	
RS 25/19	Løypemelding pilotprosjekt Bømlo - samarbeid skule og næringsliv	2017/4991	
RS 26/19	Løypemelding samarbeidsprosjekt Nordhordland	2014/10030	
RS 27/19	Kjønnsnøytral tittel på øvste leiar	2018/12797	
RS 28/19	Vedk. biogass produsert i Rådalen	2019/1575	
RS 29/19	Status for spørsmål og oversendingsforslag pr.21.februar 2019	2015/10348	
PS 19/19	Spørsmål		
FO 3/19	Spørsmål frå Kvamme (A) - Kor mykje kan ein fylkeskommune gje i garantiar for bompengelån?	2019/1486	
FO 4/19	Spørsmål frå Oen (SV) - Nynorsk i Hordaland fylkeskommune	2019/1651	
FO 5/19	Spørsmål frå Oen (SV) - tannklinikken på Straume, konsekvensar av kommunal drift	2019/897	
PS 20/19	Delegerte saker		
PS 21/19	Ymse		
PS 22/19	Finansforvaltninga i 2018	2014/927	
PS 23/19	Nytt inntektssystem - fråsegn om nytt inntektssystem frå 2020	2019/1725	
PS 24/19	Ny tannklinikk på Straume - Øygarden tannklinikk - leigeavtale	2019/897	
PS 25/19	Søknad om støtte til Kreftforeningens innsamlingsaksjon 2019	2018/9964	
PS 26/19	Tilskot til Tall Ships Races 2019	2018/146	
PS 27/19	Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2019	2018/16929	
PS 28/19	Innspel til ny stortingsmelding om ny kulturminnepolitikk Hordaland fylkeskommune	2019/623	

PS 29/19	Omdisponering av Næringsbarometer-fondet	2019/1018
PS 30/19	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020. Status etter to år.	2016/3968
PS 31/19	Nye namn på skular i Hordaland fylkeskommune 2019	2018/15305
PS 32/19	Myndigheitskontakt og partssamarbeid innan samferdsel	2018/10651
PS 33/19	Søknad frå Askøy kommune om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe	2016/3413
PS 34/19	Søknad om omklassifisering av tre fylkesvegstrekingar i Øygarden kommune	2019/646

PS 16/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Det var 14 representantar tilstades.

Vedtak

Møteinnkallinga vart godtkjent utan merknader.
Saklista vart godtkjent utan merknader.

PS 17/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.-21.02.2019

Det var 14 representantar tilstades.

Vedtak

Møteboka frå fylkesutvalet 31.01.2019 vart godtkjent utan merknader.

PS 18/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 20.-21.02.2019

Vedtak

RS 21/19 til RS 29/19 vart refererte.

PS 19/19 Spørsmål

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 20.02.2019

FO 3/19 Spørsmål frå Kvamme (A) - Kor mykje kan ein fylkeskommune gje i garantiar for bompengelån?

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren merka seg ordlyden «nær grensa for hvor mye garantier de kan stille» som spørjaren peikar på.

Så langt fylkesordføreren kjenner til, er det ikkje noko grense for storleiken på den totale fylkeskommunale garantisummen. Kvar einskild garanti vert godkjent av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kor vidt fylkeskommunen skal stille garanti, må vurderast i kvart einskild tilfelle. Det er finansieringa av dei einskilde prosjekta som her er avgjerande. Risikoen for renteutviklinga, bompengepotensialet og med det trafikkutviklinga, er sentrale faktorar i ei slik vurdering.

Fylkesrådmannen opplyser at ein så langt ikkje har registrert negativ innverknad på fylkeskommunen sine lånevilkår som følgje av fylkeskommunen sin samla garantisum.»

FO 4/19 Spørsmål frå Oen (SV) - Nynorsk i Hordaland fylkeskommune

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesordføreren gav slikt svar:

«I spørsmålet viser representanten Oen til fylkestinget sitt vedtak frå juni 2018, der det i punkt 5 heiter:

«Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.»

Fylkesordføreren er samd med representanten Oen i at politiske vedtak skal etterlevast, også dette.

Fylkesordføreren har teke opp innhaldet i spørsmålet med fylkesrådmannen og bede om at praksisen vert skjerpa inn.»

FO 5/19 Spørsmål frå Oen (SV) - tannklinikken på Straume, konsekvensar av kommunal drift

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesordføreren gav slikt svar:

«Ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta ligg hos fylkeskommunane, men Stortinget har opna opp for ei frivillig prøveordning der kommunar kan søkje om å få ta over ansvaret for tannhelsetenesta frå 01.01.2020. Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for å leggje til rette for denne prøveordninga som er 3-årig, og som skal gjelde for om lag 15 kommunar på landsbasis.

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt fylkesmennene kartleggje kva for kommunar som ønskjer å vere med i prøveordninga.

Kommunane som ønskjer å overta ansvaret frå 2020, skal så tidleg som mogleg innleie samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og fylkeskommunen slik at det vert tid til å greie ut og gjennomføre dei rettslege, praktiske og økonomiske sidene ved oppgåvefordelinga.

Nye Øygarden kommune har meldt tilbake at dei er positive til kommunal prøvedrift.

Det er til no ikkje avgjort kva for kommunar som skal vere med i prøveordninga. Dersom Nye Øygarden kommune vert med, vil ei overføring til kommunen skje som ei verksemdsoverdraging. Overtakinga skal omfatte som utgangspunkt alle plikter, eigedelar og avtalefesta rettar, slik som mellom anna leigeavtalen for tannklinikken, for at Nye Øygarden kommune skal kunne vareta ansvaret for tannhelsetenesta på ein forsvarleg måte.»

PS 20/19 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Det var ingen delegerte saker.

PS 21/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

Orienteringar 20.02.2019 - Temadag

Direktør i OFV (Opplysningsrådet for veitrafikken) Øyvind Solberg Thorsen.

- Gjennomgang av rapporten; «Hva har skjedd med fylkesveiene etter forvaltningsreformen? (Vista Analyse).

Ferde v/Brede Selseng og Bjørn Inge Midtgård

- Orientering om nye retningslinjer for bompengefinansiering med garantiansvar og finansielle utfordringer.

Regionsjef i NLF Jan Ove Halsøy

- NLF – brukarperspektiv i prioriteringsdiskusjonen, og synspunkt på vegnettet i Hordaland.

SVV v/Kristian Bauge og Kaisa Banne

- Innkrevingskostnader ved bompengeprojekt. Når er det rett å bruke bompengar?

SVV v/Helge Eidsnes

- Status for dei store vegprosjekta i fylket samt orientering om komande NTP-prosess. Kva inneber den nye prosessen for fylkeskommunen?

Samferdselsavdelinga

- Status og reforhandling av miljøløftet

Orienteringar 21.02.2019.

Direktør Skyss Målfrid Vik Sønstabø orienterte om innføringa av AutoPass ferje.

Åpen time

Kari Bernardini (A) sette på vegne av A, Sp, Krf og SV fram slikt oversendingsforslag til fylkerådmannen:

«Pensjonistforbundet får auka sitt tilskot frå kr.40.000 til kr.60.000 når fylkesrådmannen legg fram sak om fordeling av restmidlanen under posten «Ymse tilskot»

Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Benthe Bondhus (SP) sette fram slikt oversendingsforslag:

«Arbeidsgruppe – KS
KS- samarbeidsorgan, samferdsel for fylkeskommunane.

Hordaland sin representant leiar i utval for miljø og samferdsel Jon Askeland.
Vararepresentant, nestleiar i utval for miljø og samferdsel.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Synnøve Solbakken (A) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet ønskjer ei sak til behandling av «Bestillingsbuss» ute i distriktet i Hordaland.

Nokre kommunar kan visa til god erfaring med bestillingsbuss – det vil vera eit kollektivtilbud til dei som ikkje har bil, sertifikat og mulegheit for å komma til sentrum/servicetenester, det gjeld spesielt eldre menneske som har eit behov. Behova vil vera ulike i frå kommune til kommune.»

Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Roald Kvamme (A) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fagskulen i Hordaland er invitert til å utgreia eit utvida samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og fagskulen i Sogn og fjordane. Intensjonen med samarbeidet er mellom anna betre utnytting av opplæringsutstyr, lokaler, investeringar og lærekrefter. I tillegg skal det leggjast til rette for sømlause overgangar mellom fagskuleutdanning og høgskuleutdanning, styrka etter- og vidareutdanningstilbod samt styrka samarbeid med næringsliv i offentlige verksemder.

Fylkesutvalet ber administrasjonen koma med ei sak om dette til vidare politisk handsaming, som synleggjer korleis dette kan gjennomførast.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

PS 22/19 Finansforvaltninga i 2018

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2018 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2018 til orientering.

PS 23/19 Nytt inntektssystem - fråsegn om nytt inntektssystem frå 2020

Framlegg til vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland sluttar seg til høyringsuttalen til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesrådmannen la fram nytt forslag til vedtak:

Forslag til uttale om nytt inntektssystem

Fylkesutvalet viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane og har følgjande merknader:

1. Fylkesutvalet meiner departementet sitt forslag til nytt inntektssystem i alt for liten grad tek omsyn til det grønne skiftet som er i gang i fylkeskommunal regi. Dersom det frå sentralt hald er ynskje om at klimasatsingar skal gjennomførast i den fylkeskommunale drifta, må dette fangast opp i inntektssystemet slik at fylkeskommunane vert sette i stand til å gjennomføre dette. Dette er eit svært viktig punkt for Vestland fylkeskommune som får eit stort ansvar innan ferje, båt og kollektiv.

2. Fylkesutvalet viser til at Vestland fylkeskommune vil ha nær 6 000 km fylkesveg, meir enn halvparten av riksveglegda i landet. Klimaendringane dei siste åra har medført vesentleg fleire utføresette naturhendingar med øydelegging som følgje av ras og flaum. Dette har stor og aukande innverknad på vegvedlikehaldet og denne dimensjonen må innarbeidast som ein faktor i det komande inntektssystemet. Dei topografiske skilnadene mellom ulike stader i landet, og dermed svært ulik kostnad for vegbygging og vegvedlikehald må også på ein mykje betre måte takast omsyn til i inntektssystemet. Dette kjem i tillegg til at fylkeskommunane alt har overteke vegar frå staten med eit særst stort vedlikehaldsetterslep. Det samla forfallet i Vestland fylkeskommune er berekna til 10-12 mrd. kr. Staten må ta ansvar for å auke den samla tildelinga av midlar til fylkesvegane.
3. Fylkesutvalet viser til departementet sitt forslag om fordeling av tapskompensasjonen som vart innført ved endring av inntektssystemet i 2015. Denne er i 2019 komen opp i 335 mill. kr. Fylkesutvalet viser til at tapskompensasjonen er vedteken og fordelt av Stortinget og legg til grunn at denne vert vidareført uendra. Bakgrunnen for tapskompensasjon er ei politisk vilje i Stortinget om å kompensere dei fylka som kom svært dårleg ut ved omlegginga av inntektssystemet i 2015. Stortinget har slege fast at det er svakheiter i dette systemet (2015) som ikkje vert fanga opp gjennom det samla kriteriesettet. Nye Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at det no er gjort endringar i kostnadsnøklane som viser at desse svakheitene er retta opp. Tapskompensasjonen bør difor liggje på same nivå og ha same fordeling mellom fylkeskommunane i 2020, som i 2019, men overført til dei samanslegne fylkeskommunane frå 2020.

Fylkesutvalet vil i tillegg kome med nokre generelle merknader knytt til prosessen med nytt inntektssystem, overføring av nye oppgåver, og dei økonomiske rammene til fylkeskommunane:

1. Fylkeskommunane sin medverknad i prosessen med utarbeiding av det nye inntektssystemet har vore mangelfull og nærast fråverande. Korkje representantar frå fylkeskommunane, eller fylkeskommunane gjennom KS, har vore involverte i tilstrekkeleg grad i departementet sitt arbeid med utarbeiding av det nye inntektssystemet. Dette gjer at fylkeskommunane ikkje får påverke val av metodikk og grunnprinsipp for utforminga av det samla systemet.
2. Ved overføring av oppgåver frå staten må ressursar også følgje med slik at fylkeskommunane vert sett i stand til å løyse ansvaret. Eit døme vi no ser er den vedtekte overføringa av statlege fiskerihamner. Her er det presisert frå Kystverket at oppgåva vert overført, men at det ikkje vil følgje med administrative ressursar. Fylkesutvalet vil og presisere at ved overføring av Sams vegadministrasjon må alle kostnadar bli kompenserte.
3. KMD legg opp til at midlar til skredssikring skal innlemmast som ein del av inntektssystemet, i staden for ei eiga statleg løyving/fordeling. Dersom denne endringa vert gjennomført, må fordelinga av midlane mellom fylkeskommunane gjerast etter behov og skredfaktor, altså utifrå prosjekt/strekningar med størst behov for skredssikring. Fylkesutvalet krev vidare at nivået på midlane som går til skredssikring vert oppretthalde og styrka framover.
4. Fylkesutvalet viser vidare til tunnelsikkerheitsforskrifta som er innført for delar av fylkesveggtunnelane utan at krava som forskrifta inneber, er fullfinansierte. Dette medfører at eksisterande oppgåveportefølje må nedprioriterast. Fylkesutvalet krev at utbetringane forskrifta medfører, vert finansierte fullt ut, jf. punkt 2 ovanfor.
5. Fylkesutvalet vil påpeike at fylkeskommunane si desidert viktigaste inntektskjelde er frie inntekter, der inntektssystemet er den viktigaste faktoren. Det er difor avgjerande at den samla ramma til fordeling er stor nok til å setje fylkeskommunane i stand til å gjennomføre oppgåvene. Ikkje minst er dette viktig med tanke på klimasatsingane som no er i startfasen i fylkeskommunane. Noreg har store ambisjonar i klimaarbeidet det næraste tiåret.

Fylkeskommunane kan spele ei viktig rolle i dette arbeidet om dei vert sette økonomisk i stand til å ta del.

Roald Stenseide (Frp) sette på vegne av Frp, H, og V fram slikt forslag:

Endring.

Under tillegg - pkt.1.
««mangelfull og nærast» utgår.»

Pål Kårbø (Krf) sette fram slikt forslag:

Endring
Tillegg, generelle merknader, pkt.2.

Ny setning
«.....må alle kostnader, ikkje berre lønskostnader, bli kompensert.»

Røysting.

Fylkesrådmannen sitt nye forslag med endringane frå Stenseide og Kårbø vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane og har følgjande merknader:

1. Fylkesutvalet meiner departementet sitt forslag til nytt inntektssystem i alt for liten grad tek omsyn til det grønne skiftet som er i gang i fylkeskommunal regi. Dersom det frå sentralt hald er ynskje om at klimasatsingar skal gjennomførast i den fylkeskommunale drifta, må dette fangast opp i inntektssystemet slik at fylkeskommunane vert sette i stand til å gjennomføre dette. Dette er eit svært viktig punkt for Vestland fylkeskommune som får eit stort ansvar innan ferje, båt og kollektiv.
2. Fylkesutvalet viser til at Vestland fylkeskommune vil ha nær 6 000 km fylkesveg, meir enn halvparten av riksveglengda i landet. Klimaendringane dei siste åra har medført vesentleg fleire uføresette naturhendingar med øydelegging som følgje av ras og flaum. Dette har stor og aukande innverknad på vegvedlikehaldet og denne dimensjonen må innarbeidast som ein faktor i det komande inntektssystemet. Dei topografiske skilnadene mellom ulike stader i landet, og dermed svært ulik kostnad for vegbygging og vegvedlikehald må også på ein mykje betre måte takast omsyn til i inntektssystemet. Dette kjem i tillegg til at fylkeskommunane alt har overteke vegar frå staten med eit særstort vedlikehaldsetterslep. Det samla forfallet i Vestland fylkeskommune er berekna til 10-12 mrd. kr. Staten må ta ansvar for å auke den samla tildelinga av midlar til fylkesvegane.
3. Fylkesutvalet viser til departementet sitt forslag om fordeling av tapskompensasjonen som vart innført ved endring av inntektssystemet i 2015. Denne er i 2019 komen opp i 335 mill. kr. Fylkesutvalet viser til at tapskompensasjonen er vedteken og fordelt av Stortinget og legg til grunn at denne vert vidareført uendra. Bakgrunnen for tapskompensasjon er ei politisk vilje i Stortinget om å kompensere dei fylka som kom svært dårleg ut ved omlegginga av inntektssystemet i 2015. Stortinget har slege fast at det er svakheiter i dette systemet (2015) som ikkje vert fanga opp gjennom det samla kriteriesettet. Nye Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at det no er gjort endringar i kostnadsnøklane som viser at desse svakheitene er retta opp. Tapskompensasjonen bør difor liggje på same nivå og ha same fordeling mellom fylkeskommunane i 2020, som i 2019, men overført til dei samanslegne fylkeskommunane frå 2020.

Fylkesutvalet vil i tillegg kome med nokre generelle merknader knytt til prosessen med nytt inntektssystem, overføring av nye oppgåver, og dei økonomiske rammene til fylkeskommunane:

1. Fylkeskommunane sin medverknad i prosessen med utarbeiding av det nye inntektssystemet har vore fråverande. Korkje representantar frå fylkeskommunane, eller fylkeskommunane gjennom KS, har vore involverte i tilstrekkeleg grad i departementet sitt arbeid med utarbeiding av det nye inntektssystemet. Dette gjer at fylkeskommunane ikkje får påverke val av metodikk og grunnprinsipp for utforminga av det samla systemet.
2. Ved overføring av oppgåver frå staten må ressursar også følgje med slik at fylkeskommunane vert sett i stand til å løyse ansvaret. Eit døme vi no ser er den vedtekne overføringa av statlege fiskerihamner. Her er det presisert frå Kystverket at oppgåva vert overført, men at det ikkje vil følgje med administrative ressursar. Fylkesutvalet vil og presisere at ved overføring av Sams vegadministrasjon må alle kostnader, ikkje berre lønskostnader, bli kompenserte.
3. KMD legg opp til at midlar til skredsikring skal innlemmast som ein del av inntektssystemet, i staden for ei eiga statleg løyving/fordeling. Dersom denne endringa vert gjennomført, må fordelinga av midlane mellom fylkeskommunane gjerast etter behov og skredfaktor, altså utifrå prosjekt/strekningar med størst behov for skredssikring. Fylkesutvalet krev vidare at nivået på midlane som går til skredssikring vert oppretthalde og styrka framover.
4. Fylkesutvalet viser vidare til tunnelsikkerheitsforskrifta som er innført for delar av fylkesveg tunnelane utan at krava som forskrifta inneber, er fullfinansierte. Dette medfører at eksisterande oppgåveportefølje må nedprioriterast. Fylkesutvalet krev at utbetringane forskrifta medfører, vert finansierte fullt ut, jf. punkt 2 ovanfor.
5. Fylkesutvalet vil påpeike at fylkeskommunane si desidert viktigaste inntektskjelde er frie inntekter, der inntektssystemet er den viktigaste faktoren. Det er difor avgjerande at den samla ramma til fordeling er stor nok til å setje fylkeskommunane i stand til å gjennomføre oppgåvene. Ikkje minst er dette viktig med tanke på klimasatsingane som no er i startfasen i fylkeskommunane. Noreg har store ambisjonar i klimaarbeidet det næraste tiåret. Fylkeskommunane kan spele ei viktig rolle i dette arbeidet om dei vert sette økonomisk i stand til å ta del.

PS 24/19 Ny tannklinikk på Straume - Øygarden tannklinikk - leigeavtale

Forslag til vedtak

Leigeavtale mellom Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune for Øygarden tannklinikk vert godkjent.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. - 21.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Leigeavtale mellom Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune for Øygarden tannklinikk vert godkjent.

PS 25/19 Søknad om støtte til Kreftforeningens innsamlingsaksjon 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 50 000 til innsamlingsaksjonen Krafttak mot kreft.

Budsjettet vert endra slik:

Art	Stad	Tekst	Meirutg.	Mindreutg.
14700	120 930 00	Ymse tilskot	50 000	
14900	720 200 00	Tilleggsløvingskonto		50 000
			50 000	50 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

Kari Bernardini (A) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Støtte til Kreftforeningen vert auka frå kr.50.000 til kr.100.000.

Pengane vert dekke over fylkesutvalet sin råvdelkonto.

Røysting

Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart ikkje røysta over.

Vedtak

Støtte til Kreftforeningen vert auka frå kr.50.000 til kr.100.000.

Pengane vert dekke over fylkesutvalet sin råvdelkonto.

PS 26/19 Tilskot til Tall Ships Races 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 750.000 til Tall Ships Races Bergen 2019.

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 Fylkesutvalet sin råvdelkonto går ned med kr 750.000,-

10.400.735.00.14700 Kulturverksemder og kulturtiltak aukar med kr 750.000,-

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet løyver kr 750.000 til Tall Ships Races Bergen 2019.

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 Fylkesutvalet sin råvdelkonto går ned med kr 750.000,-

10.400.735.00.14700 Kulturverksemder og kulturtiltak aukar med kr 750.000,-

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

Synnøve Solbakken (A) sette på vegne av A, Krf, SP og SV fram slikt forslag:

Endring.

«Fylkesutvalet løyver kr.1 million til Tall Ships Races Bergen 2019.

Midlar kr.250.000 vert å henta frå overskytande midlar i sak næringsbarometer.»

Røysting

Innstillinga med Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr.1 million til Tall Ships Races Bergen 2019.
Midlar kr.250.000 vert å henta frå overskytande midlar i sak næringsbarometer.

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 Fylkesutvalet sin rådveldekonto går ned med kr 750.000,-
10.400.735.00.14700 Kulturverksemdar og kulturtiltak aukar med kr 750.000,-

PS 27/19 Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2019

Forslag til innstilling og vedtak

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen følgja opp og prioritere dei oppgåvene som vert framheva i Riksantikvarens brev med prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2019.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen følgja opp og prioritere dei oppgåvene som vert framheva i Riksantikvarens brev med prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2019

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen følgja opp og prioritere dei oppgåvene som vert framheva i Riksantikvarens brev med prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2019

PS 28/19 Innspel til ny stortingsmelding om ny kulturminnepolitikk Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1.	Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare vedtekne mål og i kva grad desse er nådd.
2.	Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.
3.	Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.
4.	Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.

5.	Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskingsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrka fagområda.
6.	Fylkeskommunen ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.
7.	Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.
8.	Hordaland fylkeskommune tilrår fylgjande mål for kulturminnepolitikken i Noreg: <i>1. Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg</i> <i>1.1. Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.</i> <i>1.2. Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.</i> <i>1.3. Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.</i> <i>1.4. Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å bygge fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrse og identitet.</i>
9.	Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurdere om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare vedtekne mål og i kva grad desse er nådd.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskingsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrka fagområda.
6. Fylkeskommunen ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.
7. Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.
8. Hordaland fylkeskommune tilrår fylgjande mål for kulturminnepolitikken i Noreg:
1. Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg
1.1. Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

- 1.2. *Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.*
- 1.3. *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.*
- 1.4. *Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrse og identitet.*

9. Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurdere om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare vedtekne mål og i kva grad desse er nådd.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskingsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrka fagområda.
6. Fylkeskommunen ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.
7. Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.
8. Hordaland fylkeskommune tilrår fylgjande mål for kulturminnepolitikken i Noreg:
 1. *Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg*
 - 1.1. *Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.*
 - 1.2. *Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.*
 - 1.3. *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.*
 - 1.4. *Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrse og identitet.*
9. Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurdere om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar.

PS 29/19 Omdisponering av Næringsbarometer-fondet

Forslag til vedtak

Restmidlane på 313.000 kroner som har vore øymerka til arbeid med «Næringsbarometer for Hordaland og Sogn- og Fjordane» vert omdisponert til å arbeide fram «ny regional næringsplan for Vestland fylkeskommune».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

Alternativ:

«Resterande midlar i Næringsbarometerfondet vert overført til fylkesutvalet sin rådveldekonto.»

Røysting

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen ryster.

Vedtak

Resterande midlar i Næringsbarometerfondet vert overført til fylkesutvalet sin rådveldekonto.

PS 30/19 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020. Status etter to år.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. - 21.02.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

PS 31/19 Nye namn på skular i Hordaland fylkeskommune 2019

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlø vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlø vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane videregående skole vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg videregående skole og Bergen maritime videregående skole vert kalla Nygård vidaregåande skule.
4. Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2024.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, FrP, H, V, MDG, KrF, SP, SV og R fram slik protokollmerknad:

«Protokollmerknad til vedtakspunkt 3:

Samtlege partier signaliserer at namnet på denne skulen skal vurderast fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlo vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlo vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skule vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Nygård vidaregåande skule.
4. Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2024.

Protokollmerknad på vegner av A, FrP, H, V, MDG, KrF, SP, SV og R:

Protokollmerknad til vedtakspunkt 3:

Samtlege partier signaliserer at namnet på denne skulen skal vurderast fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesrådmannen opplyste at rett årstal for Sotra vidaregåande skule er 2025, ikkje 2027.

Pål Kårbø (Krf) sette på vegne av Krf og A fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Lyderhorn vidaregåande skule.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Laksevåg maritime vidaregåande skule.»

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

Endring.

Pkt. 3.

Bergen maritime og vidaregåande skule.

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.4.

«Fylkestinget vedtek at namn på ny skule i nye Øygarden kommune vert Øygarden vidaregåande skule.»

Røysting

Innstillinga pkt.1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Innstillinga pkt. 3 fekk ingen røyster og fall.

Stenseide sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.
Strømmen sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.
Kårbø sitt forslag fekk 8 røyster (A, Krf, Sp, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.
Innstillinga pkt.4 fekk 1 røyst (Krf) fall.
Oen sitt forslag fekk 14 røyster (SV, A, Sp, MDG, V, H, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlø vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlø vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skule vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Lyderhorn vidaregåande skule.»
4. Fylkestinget vedtek at namn på ny skule i nye Øygarden kommune vert Øygarden vidaregåande skule.

PS 32/19 Myndigheitskontakt og partssamarbeid innan samferdsel

Forslag til innstilling

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, SP, A, KRF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Utval for miljø og samferdsel meiner at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i styringsgruppa. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at den demokratiske medlemsbaserte miljøørsla vert invitert inn i samarbeidet»

Marthe Hammer (SV) trekte sitt forslag.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, SP, KRF, AP, MDG og V fram slik protokollmerknad:

«Utval for miljø og samferdsel peiker på at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i arbeidet. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at miljøørsla vert invitert inn i arbeidet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.

Protokollmerknad frå SV, SP, A, KRF, MDG og V

Utval for miljø og samferdsel peiker på at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i arbeidet. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at miljørørsla vert invitert inn i arbeidet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Roald Kvamme (A) sette på vegne av A, Sp, Krf og SV fram slikt forslag:

Tillegg.

1. Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.
2. Fylkestinget vil understreka målsettinga i regionreforma om å styrkja fylkeskommunen si rolle som regional utviklar og dei oppgåver fylkeskommunen har for å utvikla infrastruktur i brei forstand og særskild for å sikra ein effektiv vegtrafikk utan skade på menneske og miljø.
3. Fylkestinget meiner at arbeidet med rulleringa og utforminga av ny NTP må ta opp i seg fylkeskommunen si nye rolle og utvida ansvar for m.a. viktig infrastruktur som breiband og fiskerihammer og drift av sentrale tenestetilbod som regionale flyruter og lokale togtilbod. NTP må famna om heile den nasjonale samferdsle- og infrastrukturen slik at ressursane kan prioriterast der behova er størst. Fylkestinget vil ta initiativ til at dette vert utgreia i samband med rullering av nu NTP
4. Fylkestinget vil sikra brei deltaking i arbeidet med NTP. Det skal involvera kommunar, partane i arbeidslivet, representative interesseorganisasjonar med lokal forankring og miljørørsla.
5. Arbeidet må organiserast slik at ulike interesse vert høyrd og kan medverka til eit best mogleg beslutningsgrunnlag for dei prioriteringar som dei folkevalte organa skal gjera. Prosess og deltaking må omsynta oppgåver og den rolla ulike deltakarar har.
6. Fylkestinget vil peika på den viktige rolla KS har i å koordinera fylkeskommunane sine interesser inn mot nasjonale styresmakter og vil ta initiativ til å styrkja samarbeidet kring rullering av NTP og dei målsettingane fylkestinget har for dette arbeidet.

Røysting

Innstillinga var samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.

1. Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.
2. Fylkestinget vil understreka målsettinga i regionreforma om å styrkja fylkeskommunen si rolle som regional utviklar og dei oppgåver fylkeskommunen har for å utvikla infrastruktur i brei forstand og særskild for å sikra ein effektiv vegtrafikk utan skade på menneske og miljø.

3. Fylkestinget meiner at arbeidet med rulleringa og utforminga av ny NTP må ta opp i seg fylkeskommunen si nye rolle og utvida ansvar for m.a. viktig infrastruktur som breiband og fiskerihamner og drift av sentrale tenestetilbod som regionale flyruter og lokale togtilbod. NTP må famna om heile den nasjonale samferdsle- og infrastrukturen slik at ressursane kan prioriterast der behova er størst. Fylkestinget vil ta initiativ til at dette vert utgreia i samband med rullering av nu NTP
4. Fylkestinget vil sikra brei deltaking i arbeidet med NTP. Det skal involvera kommunar, partane i arbeidslivet, representative interesseorganisasjonar med lokal forankring og miljørørsla.
5. Arbeidet må organiserast slik at ulike interesse vert høyrd og kan medverka til eit best mogleg beslutningsgrunnlag for dei prioriteringar som dei folkevalte organa skal gjera. Prosess og deltaking må omsynta oppgåver og den rolla ulike deltakarar har.
6. Fylkestinget vil peika på den viktige rolla KS har i å koordinera fylkeskommunane sine interesser inn mot nasjonale styresmakter og vil ta initiativ til å stykja samarbeidet kring rullering av NTP og dei målsettingane fylkestinget har for dette arbeidet.

PS 33/19 Søknad frå Askøy kommune om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet godkjenner at Askøy kommune sin søknad om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe, delvis kan imøtekomast med kr 3 000 000.

Midlane vert dekkja av Askøypakken.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Stein Inge Ryssdal (H) sette på vegner av H, MDG, V, KRF, SP, A og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet godkjenner at Askøy kommune sin søknad om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe, delvis kan imøtekomast med kr 3 000 000, forutsett at midlane vert dekkja over Askøypakken».

Røysting

Ryssdal sitt forslag fekk 13 røyster (H, MDG, V, KRF, SP, A og SV) mot 2 røyster (FRP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fylkesrådmann sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner at Askøy kommune sin søknad om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe, delvis kan imøtekomast med kr 3 000 000, forutsett at midlane vert dekkja over Askøypakken.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

Tillegg.

«Nytt pkt.2.
Merkostnadene dekkes inn av Hordaland fylkeskommune sitt bidrag av Askøypakken jmf.
Sak FT 56/12- 200mill.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.
Stenseide sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner at Askøy kommune sin søknad om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe, delvis kan imøtekomast med kr 3 000 000, forutsett at midlane vert dekkja over Askøypakken.

PS 34/19 Søknad om omklassifisering av tre fylkesvegstrekingar i Øygarden kommune

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet er positiv til at det vert fremma sak om omklassifisering, med sikte på overføring av eigarskapet av følgjande fylkesvegstrekingar til Øygarden kommune:

1. Fv225, frå Torsvik til Vik kai, inkludert vegarm til Toftevågen (3,3 km)
2. Fv226, frå kryss ved Rong senter til Vestesjøen (1,03 km)
3. Fv227, frå kryss ved Dale til Knarvik (1,35 km)

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet er positiv til at det vert fremma sak om omklassifisering, med sikte på overføring av eigarskapet av følgjande fylkesvegstrekingar til Øygarden kommune:

1. Fv225, frå Torsvik til Vik kai, inkludert vegarm til Toftevågen (3,3 km)
2. Fv226, frå kryss ved Rong senter til Vestesjøen (1,03 km)
3. Fv227, frå kryss ved Dale til Knarvik (1,35 km)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet er positiv til at det vert fremma sak om omklassifisering, med sikte på overføring av eigarskapet av følgjande fylkesvegstrekingar til Øygarden kommune:

1. Fv225, frå Torsvik til Vik kai, inkludert vegarm til Toftevågen (3,3 km)
2. Fv226, frå kryss ved Rong senter til Vestesjøen (1,03 km)
3. Fv227, frå kryss ved Dale til Knarvik (1,35 km)